

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148
0333 OSLO
Postmottak@oed.dep.no

Dykkar ref.:

Vår ref.: LPØ

Postnr/stad: 6156 Ørsta
Ørsta 18.01.2015

Høyringsuttale om forslag til endring av lov om elsertifikat

Viser til høyringsbrev publisert 03.12.2014 om forslag til endring av lov om elsertifikat og tilhøyrande høyringsnotat av same dato. Under følgjer Øyadalen Kraftverk (heretter ”selskapet”) sin uttale.

Vi har merka oss at den svenske regjeringa har uttrykt at dei har auka ambisjonar for fornybar energiproduksjon og ønskje om å utvide sertifikatordninga. Sidan dette vil ha stor betydning for framtidig prising av kraft i den nordiske marknaden, ber vi om at slike mulege endringar vert vurderte nøye i høve til utviding av norsk fornybar energiproduksjon. Dette må slik som departementet også antyder, bli sendt ut på eiga høyring.

1. Utviding av overgangsordninga

Selskapet støttar departementet sitt forslag om utviding av overgangsordninga til å inkludere tidlegare utelatne småkraftverk. Forslaget oppfyller politiske lovnader som tidlegare er gitt og utviding av overgangsordninga vil ha svært positive verknader.

Det er venta at ei gjennomføring av forslaget vil betre tilliten mellom myndigheiter og investorar innan grøn teknologi. Styrkt tillit og dermed lettare kapitaltilgang vil føre til auka investeringar i småkraftbransjen. Forslaget vil vidare føre til at fleire lokale grunneigarar med prekær økonomi, grunna ekskludering fra den opphavelige overgangsordninga, vert i stand til å behalde småkraftverk og anna livsgrunnlag. Implementering av forslaget sikrar difor norsk eigarskap av norske vasskraftressursar. Viser og til høyringsuttalen vår av 11.05.2014 i samband med kontrollstasjon 2015 (sjå vedlegg).

2. Endring av elsertifikatkvotar

For å sikre ein stabil pris på elsertifikata, må elsertifikatkvotane/kvotekurven regulerast kvart år i takt med elsertifikatmengda. Det er nødvendig at sertifikatprisen held seg i overkang av 20 øre/kWh dersom investeringane skal gi nødvendig lønsemd. Stabile prisar er også viktige for tilliten frå låneinstitusjonar, o.l.

3. Sluttdato for når anlegg kvalifiserer for rett til elsertifikat

Som vist i ei rekkje høyringsuttalar til høyringsbrev av 11.02.2014 om kontrollstasjon 2015, så er det behov for endringar i gjeldane rett. Gjeldende rett vil medføre at mange småkraftverk ikke vert utbygde, då risikoen for å overskride tidsfristen fastsett til 31.12.2020 blir for stor.

Selskapet meiner det er eit sentralt poeng at spesielt utbyggarar og eigarar av småkraftverk har avgrensa kapasitet og evne til å håndtere marknadsinformasjon og risiko. Dei bør difor takast ekstra omsyn til i høve større og profesjonelle aktørar. Departementet sitt forslag om ei avgrensa utsettjing av sluttdatoen, med fristforlengelse på seks månader eller eitt (1) år, vil kunne vere lang nok for profesjonelle aktørar. Men som nemnt ovanfor vil derimot fristforlengelse på ett år ikkje vil være nok for mange av småkraftverksprosjekta.

Det er tidligare påpeka eit behov for godkjenning av anlegg heilt frem til 2035, tilsvarende gjeldande regelverk i Sverige. Eit slikt regelverk reduserar sterkt risikoen med sluttdato 31.12.2020 og vil sikre at lønsame prosjekt blir realiserte. Fordi det vil vere ei nedtrapping av talet på år ein vil få sertifikat fram mot 2035, vil det i seg sjølv gi eit godt incitament til å gjere utbygginga ferdig så nær 2020 som mulig. Selskapet meiner difor at ordninga med godkjenning av sertifikat fram mot 2035 og med avtrapping av talet år frå 2020, som i Sverige, vil være beste løysinga.

Nettsituasjonen gjer at flere utbyggjarar har fått beskjed om at NVE ikkje vil handsame konsesjonssøknadane for utbygging før nettsituasjonen er avklart. Dette gjeld ikkje berre for område på Vestlandet, men også andre stader i Norge. Det kan oppstå ein situasjon for ein del utbyggjarar der nettsituasjon og konsesjon ikke er avklart før tett opp mot 2020, og der utbyggjar ikkje har finansiell eller praktisk mulighet til å få kraftverket på nett, sjølv med fristforlenging på 6 eller 12 månader. Selskapet ber derfor departementet om spesielt å vurdere særordningar der nettsituasjonen er prekær og ikke let seg løyse innen rimelig tid før 2020.

Avslutningsvis vil selskapet gi politisk leiing i departementet ros for å ha følgd opp dei politiske lovnadane som er gitt siden 2004 i denne saka og som ikke vart følgd opp av den raudgrøne regjeringa.

Med helsing

Øyadalen Kraftverk AS

Lars Petter Øye
(sign)

Vedlegg: Høyringssvar - kontrollstasjon 2015 frå Øyadalen Kraftverk AS

**Øyadalen Kraftverk AS,
Follestaddalen,
6156 Ørsta.**

**Olje- og energidepartementet,
Postboks 8148 DEP,
0333 OSLO**

**Høringsuttale – Kontrollstasjon 2015 (Rapport nr. 5/2014
Kontrollstasjon under elsertifikatordningen)**

Ørsta 11.05.2014

Øyadalen Kraftverk har fylgjande merknad i samband med Kontrollstasjon 2015.

**I tillegg til vår merkand så viser vi til uttale sendt frå andre småkraftverk,
Småkraftforeninga i Møre og Romsdal og til uttale frå Småkraftforeninga sentralt.**

**Vår hovudbodskap i denne uttalen er at dei «utestengde» kraftverka må kome
med i sertifikatordninga, og at Norge må få den same overgangsordninga som
Sverige etter 2020.**

Vi syner i den samanheng til Stortingsmelding nr. 9, 2002-2003, der Stortinget bad Regjeringa om å ta initiativ til at ein felles Norsk-Svensk sertifikatmarknad skulle etablerast seinast våren 2004.

Vidare viser vi til St.melding nr. 18, 2003-2004, der komiteen understreka behovet for at ein snarast måtte få i stand grønne sertifikat. Dette for at investering i produksjonsanlegg for ny fornybar industri ikkje skulle stoppe opp. (Sjå vedlagt Dok 8 forslag frå 2010).

Vi og mange andre fylgde politikarane si oppfordring om å satse på å utnytte bruka sine resursar og dette gav optimisme i mange bygder. Kraftverk vart bygd og dei økonomiske prognosane som låg til grunn for satsinga var tydelege og klare lovnader om EL-sertifikat, støtta av eit samla storting.

Den avgrensinga som seinare kom i lova om at elvekraftverk over 1MW som vart bygd mellom 1. januar 2004 og 7. september 2009 likrvel ikkje skulle kome med i ordninga var eit slag i andletet på alle dei som trudde på lovnadane frå politikarane. Desse grunneigarane gjorde som politikarane bad om, satsa på gardane sine resursar og bygde ut anlegg for produksjon av rein energi. I dag er vi og mange andre småkraftverk i ein vanskeleg økonomisk situasjon der kraftverka over tid ikkje vil ha nok inntekter til å dekke løpande utgifter.

I tillegg til fråfall av grønne sertifikat så har prisane endra seg drastisk dei siste åra. Prisprognosane for dei næraste 10 åra viser låge prisar, ref. vedlegg. Dette m.a. på grunn av det kraftoverskotet som sertifikat systemet vil gi. Det var nettopp her dei grønne sertifikata skulle gi garanti for at utbygging kunne realiserast.

Etter at lova vart vedtatt så har det ikkje mangla på nye lovnader om at denne uretten skulle rettast opp. Dei som kom med desse lovnadane set no i Regjering og styrer landet. La oss ikkje i 2014, året der vi markerar 200 årsjubileet av Grunnlova på nytt oppleve at politikarane ikkje held dei lovnader som dei så tydeleg har kome med.

Ettersom kraftprisane er halvert i høve til prognosane som gjaldt i 2009, er det i dag ingen hald i retorikken om at det vert for dyrt for forbrukarane dersom dei 170 utelatte kraftverka kjem med.

Det vil også føre til at stat og kommune får skatt frå kraftverk som går med overskot, i motsetning til i dag der dei går med underskot. (Sjå vedlagt pristabell).

Det er også slik at tilrettelegging; så som tilknytning til nett, skattar og avgifter ersvært mykje ugunstigare i Norge enn i Sverige. Dette fører til at 9/10 av elsertifikata hittil har gått til utbygging i Sverige.

Vidare ser vi at i Sverige er det avtrapping for elsertifikat til dei som bygg etter 2020, medan det i Norge er stopp for dei som ikkje er ferdigbygt i 2020. Dette vil, ifylgje bankane, føre til problem med lånefinansiering. Det gir og press på utbyggingstakta og dermed på utbyggingsprisane siste åra før 2020. Dette gjer at planar kan verte skrinlagde pga høg utbyggingspris. Så kjem det ein brå byggjestopp etter 2020 og mange utbyggingsfirma vil kunne stå utan oppdrag.

Legg og ved ei utgreiing frå Thema Consulting som viser at det er mogeleg å løyse problema slik det er skissert ovanfor.

Det hastar med å få ei avklaring i denne saka. Ei avklaring med svenske myndigheiter må kome så snart som råd. Skulle det vise seg å vere uråd, må andre støttetiltak kome. Dei økonomiske konsekvensane for mange småkraftverk er svært alvorlege. Sjå konkrete innsende rekneskap og uttalar frå småkraftverk.

Med helsing

For
Øyadalen Kraftverk AS

Lars Petter Øye
styreleiar

Vedlegg:

- Dokumnet 8 forslag - 2010.13.03 - Om småkraftverk i overgangsordningen for grønne sertifikater
- THEMA Elsertifikat til 170 verk
- Prisprognoser 2014